

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato skriven: 18.10.2005
Sakshandsamar: Terje Arne Krokvik
Saka gjeld: **Fordeling av supplerande lån til investeringsføremål i 2005**

Sak nr. 87/05 B

Styremøte 27.10. 2005

1. Innleiing

Styret i Helse Vest behandla i møtet den 27/5-05 under sak 057/05 B fordeling av resterande lå nemidlar til investeringar 2005. Følgjande vedtak vart fatta:

1. Lån til investeringar i 2005 blir fordelt med følgjande beløp:

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest IKT	Apotekene Vest	SUM
Samla tildeling lån 2005	87 605	52 308	124 832	24 055	46 000	15 200	350 000
Lån øremerka psykiatri	50 000	29 910	74 590	-	-	-	154 500

Helse- og omsorgdepartementet har av den samla låneramma for 2005 halde tilbake kr 350 mill til fordeling seinare i året. Administrerande direktør har i brev av 21.04.2005 søkt om å få tildelt denne låneramma til oppstart av nytt laboratoriebygg ved Helse Bergen og nytt akuttmottak (MOBA) ved Helse Stavanger.

Helse Vest har i brev av 27.09.2005 frå Helse- og omsorgsdepartementet fått meddelt at låneramma for 2005 blir auka med kr. 100 mill slik at den no utgjer kr 450 mill.

Sak om nytt akuttmottak (MOBA) ved Helse Stavanger og nytt lab bygg i Helse Bergen blei behandla av styret i Helse Vest i førre møte. Styret godkjende her forprosjekt nytt akuttmottak med observasjonseining i Helse Stavanger innafor ei kostnadsramme på kr 280 mill. Vidare godkjende styret vidare planlegging av nytt lab bygg ved Helse Bergen basert på gjennomført konseptfase. Den samla investeringsramma vart fastsett til kr 700 mill.

Ein føresetnad for oppstart av desse prosjekta hausten 2005/våren 2006, var at Helse Vest RHF fekk tildelt ekstra lå nemidlar frå Departementet.

2. Kommentar

Tildelinga av supplerande lån til investeringsføremål på kr 100 mill vil ikkje aleine sette Helse Vest i stand til å finansiere dei aktuelle prosjekta fullt ut. Dette er likevel eit viktig

bidrag og eit signal frå departementet om at dei ønskjer å legge forholda til rette for at Helse Vest kan prioritere gjennomføringa av desse prosjekta.

I samband med fordelinga av den ekstra låneramma har Helse Vest innhenta opplysningar om utbetalingsstraumane til dei to aktuelle prosjekta under føresetnad av at nødvendige vedtak fattast no i haust. Med basis i forventa utbetalingar no i haust foreslår administrerande direktør følgjande fordeling av kr 100 mill:

- | | |
|-------------------------------------|------------|
| • Nytt akuttmottakt (MOBA) | kr 52 mill |
| • Nytt laboratoriebygg Helse Bergen | kr 48 mill |

Det er i framlegg til statsbudsjett 2006 ikkje gjort nokon fordeling av lån til investeringar mellom dei enkelte regionane. Ein må samstundes kunne forventa at Helse Vest får tildelt minst same nivå på lånemidlar i 2006. Det vil derfor være nødvendig å prioritere desse lånemidlane inn mot dei prosjekta som er vedtatt og som no blir satt i gang. Ei prioritering av lånemidlar for 2006 vil bli gjort i møte den 8. februar.

Forslag til vedtak:

1. Tildeling av supplerande lån til investeringar i 2005 blir fordelt med følgjande måte:
 - a. Nytt akuttmottak med observasjonseining ved Helse Stavanger kr 52 mill
 - b. Nytt laboratoriebygg ved Helse Bergen kr 48 mill